



Ida Mathilde Winther
Fagerbakken 16
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5472 - 20/17244

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 323/139 Frekhaug

Tiltak: Tilbygg til bustad
Byggjestad: Gbnr: 323/139
Tiltakshavar: Ida Mathilde Winther

Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden din den 20.02.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel/nabosamtykke

Du skriv at du har varsla kommunen. Kommunen ved Byggesak har motteke skjemaet «opplysninger gitt i nabovarsel». Naboar skal varslast med skjemaet som heite «Nabovarsel», og kvittering for at det er levert/sendt skal leggest ved byggesøknaden. Det er Alver kommune ved Avdeling for eigedomsforvaltning som er rett mottakar for varsel.

Du kan la vera å senda vanleg varsel, derom du får **skriftleg erklæring om samtykke**. Vi ber om at du kontaktar Alver kommune ved Avdeling for eigedomsforvaltning og ber om skriftleg samtykke til å ha bygning nærare grensa enn 4 m. Bruk vedlagte formular, eller lag ditt eige skriv. Får du samtykke, slepp du dispensasjonshandsaming og sparer kr 10.400 i gebyr

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **innan 01.05.2020** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring

Kopi til:

Ida Mathilde Winther	Fagerbakken 16	5918	FREKHAUG
----------------------	----------------	------	----------

Mottakarar:

Ida Mathilde Winther	Fagerbakken 16	5918	FREKHAUG
----------------------	----------------	------	----------